

Seilmakeren Doublehanded 2024 – ei analyse

Harald Gjøsæter

Denne analysen er i all hovudsak basert på TracTrac-springa av båtane som deltok, i tillegg til egne opplevingar på «Båtenvår».


Regattaen starta vest av Ramsøy 24. mai kl 11:00, og løpet var denne gongen lagt mot nord, dvs med runding Geitene sør for Værlandet og med målgang ved Askøy Seilsportsenter. 26 båtar var påmeldt, 25 starta, 12 i klasse A (APH opp til 1,085) og 13 i klasse B (over APH 1,085) Værmeldingane tyda på at det vart avtakande vestavind, og fare for at vinden ville døy ut i løpet av kvelden, men friskna på frå N til NV på morgonen laurdag og stå slik resten av dagen. Og slik værmeldingane var, vart i det store og heile også været.

Ein disiplinert gjeng


Då starten gjekk var vinden på V og det bles lett bris. Biletet til høgre viser startlina i det starten går, og som vi ser er det ein disiplinert gjeng som stiller til start; ingen er over lina. Seks-sju båtar er «på lina». Det ser ut som om ein er på feil side av merket, men dette skuldast vel heller utstyrsfeil enn enn startfeil. Etter vel to minutt har alle båtane kome seg velberga over startstreken, og mange har fått opp spinnakeren



Kartet til høgre syner situasjonen 10 min etter start. Dei raskaste båtane gjer god fart, - over 7 knop. «Sefyr-3» har teke leiinga i klasse A, medan «Sheep Dip»leiar klasse B.



Etter ein time (kartet under) er dei fleste båtane mellom Fauskanger på Askøy og Rong i Øygarden, og det er framleis relativt god samling på båtane. «Sheep Dip» held på leiinga i klasse B, medan «Asterix» har overteke leiinga i klasse A.



Hjeltefjorden er lang, og ingen vegval skal gjerast, så første delen av seglasen er heller ukomplisert. Etter tre timars seglas (biletet øvst på neste side) er dei raskaste båtane komne til Fedje, medan siste båten enno ikkje har passert Uttoska. Avstanden mellom første og siste båt er altså ca 8 nautisk mil. Attarste båten, «Kraken» har omtrent same rating som dei to båtane i front, og når ein reknar inn handicaper, så er avstanden i tid mellom første

og siste båt litt over to timar på dette tidspunktet. Og medan leiarbåtane seglar i ca 7 knop over grunnen gjer siste båten i gjennomsnitt under 5 knop, noko som skuldast at dei ikkje sette spinnaker.


Med dette store spriket i feltet er det herfrå og til slutten av regattaen mest hensiktsmessig å sjå på ein klasse om gongen.

Klasse A – båtar med NOR rating mindre enn 1,085

Det var i utgangspunktet mindre strekk i feltet i klasse A. Dei to båtane med NOR-rating under 1,0 sakka som venta gradvis akterut i høve til flokken av båtar med handicap rundt 1,04-1,08. Etter fire og ein halv timars segling (biletet under) hadde desse båtane unnagjort ca 28 nautisk mil av første strekket på 52 nautiske mil. Gjennomsnittshastigheten hadde altså til no lege på litt over 6 knop.


Som biletet under viser, så er dei fremste båtane i feltet no ved Vassøyane utanfor Byrknes, og det første aktive vegvalet under regattaen er blitt realisert: Zephyr-3 stikk seg inn vestom Storjohansøya medan alle dei andre heldt stø kurs norvestover mot Utvær utaskjers. Det varer likevel ikkje lenge før båtane igjen er samla, ved inngangen til Straumfjorden. Og stuntet ved Vassøyane endra ingen ting på rekkefølga. Ingen tok sjansen på å gå inn i Ytre Steinsundet; alle gjekk enten Straumfjorden eller også vestom Utvær. Det ville også vore nokså overraskande om nokon tok sjansen på å gå snarvegen gjennom Ytre Steinsundet når vinden gradvis avtok og dreidde litt meir på vest.

Etter seks timar er dei fremste båtane ved Utvær, og vinden spaknar meir og meir. farten på båtane kjem ned i rundt fire knop, og ein er til og med under tre knop over grunnen for eit par av båtane. I Straumfjorden var det på denne tida ein nordgåande straum på rundt 0,5 til 1,0 knop. Etter som vinden spakna byrja utålmodige seglarar å «finna på eit eller anna» for å sjå om det kunne hjelpa




på plasseringa. «Levens» på fjerde plass og «Puffin» på 11 plass gjekk langt til havs og utanfor Indrevær og Utvær, som vist på biletet til høgre. Heller ikkje dette gjorde noko utslag på resultatlista.

Sikkert til stor fortvilning for dei som låg først i klassen, så spakna vinden først i nord, slik at båtane som kom lenger bak, greidde å halda fart i båten lengre, og sakte men sikkert seig inn på dei fremste. Det teikna til å bli ein klassisk omstart! Til dømes «Båtenvår», nest langsamaste båt i feltet, som hadde skifta mellom 8., 9., og 10 plass heile løpet så langt, tok terreng på båtane framfor. Ved passering Utvær etter åtte timar låg han på 8. plass, to timar seinare, ved passering Nova på Ytre Sula låg han på 6. plass, ein time deretter på 4. plass, og ein halv time seinare på 2. plass, berre 7 minutt rekna etter handicap etter leiande båt «Zephyr-3». På det stadiet var det ingen vind og alle båtane låg og rak, heldigvis i rett retning. Straumen varierte tydelegvis litt etter kor ein låg i landskapet, farten på båtane over grunnen varierte frå 0,2 knop til 1.4 knop. Eller kanskje nokre av båtane nær land fann ein liten trekk som gav litt framdrift?



Biletet til høgre syner situasjonen ca kl 23, etter ca 12 timars segling, og situasjonen endra seg lite dei neste timane.

Men så, då natta byrja gå over i dag, så byrja situasjonen å endra seg att; no kom det, som lova i vêrmeldinga, ein liten trekk frå nord. Og no var det båtane bakerst i køen som måtte sjå på at båtane nord ved Gåsvær fekk vinden først, og stakk av garde mot Geitene og merkerunding før båtane lengst sør og vest hadde fått føling med den nye vinden. Plutseleg vart resultatlista snudd opp ned att, og dei raskaste båtane i feltet fekk på nytt overtaket. Dei to fremste båtane, «Asterix» og «Zephyr-3» runda merket etter ca 15 timars seglas. Det gjekk enno fire timar før Puffin runda, som siste båt i klassen.



Og no var det også slutt på «trikkekøyninga». Av båtane i første halvdel av feltet valde «Zephyr-3» og «Levens» å gå sør Skomakaren etter runding, medan dei andre gjekk ut att nord av Gåsvær og tok sikte på Straumfjorden. Ved runding var «Asterix» på første, «Zephyr-3» på andre, og «Levens» på tredje plass. I byrjinga såg det ut som om båtane som gjekk Skomakaren og så Ytre Steinsundet skulle vinna på dette; då dei passerte Skomakaren hadde båtane inne forbetra plasseringa si til første og andre plass. Men allereie då dei var på veg inn i Ytre Seinsundet gjekk «Asterix» ute opp på første plass igjen. Og då dei to båtane som gjekk innaskjers passerte Nåra på veg ut frå Steinsundet, var dei nede på 7. og 8. plass! Alle båtane ute hadde passert dei. Fleire båtar bak valde også å gå inn; Først «Nemo», som først gjekk utom Gåsværet der dei låg på 9-10 plass og som så gjekk inn i Ytre Steinsundet og tapte ein plass på det, og så kom



«Båtenvår», som runda som nummer 7 men gjekk både Skomakaren og Ytre Steinsundet, og var nummer 11 då han kom ut derifrå.

Det kan difor slåast fast at det også dette året var ein tabbe å gå innaskjers på returen, sjølv om både «Zephyr-3» og «Levens» greidde å segla seg litt opp igjen i feltet vidare sørretter, og enda på 4. og 5. plass. Nordavinden stod utetter dagen, og alle båtane kom seg i mål utan meir reking. Men det tok si tid; første båt i klassen var i mål etter vel 27 timars segling, medan siste båt i klassen var inne etter 32 og ein halv times seglas. Asterix leia praktisk talt heile tida etter vegvalet ved Ytre Sula, med X-faktor på andre plass. X-faktor var typisk 10-15 minutt etter på utrekna tid like til denne båten kom ned i Hjeltefjorden, så minka avstanden til 10 minutt, så 5 minutt, og like før Asterix gjekk i mål, gjekk X.faktor forbi på utrekna tid, og heldt leiinga til han var i mål.

Klasse B – båtar med NOR rating over 1.085

Dei raskaste båtane kom seg lengre nord før stilla tok dei på vegen nord, men også dei måtte gjennom ein periode med reking. Då nordavinden endeleg kom, var dei fremste båtane i denne klassen ved runding, men dei siste båtane i klassen var heilt nede i Straumfjorden. Vegvala på tilbaketuren var som i klasse A; nokre gjekk Skomakaren og Ytre Steinsundet, andre gjekk vest om Ospa og så Steinsundet, medan nokre gjekk Straumfjorden. «Zorro», som låg først i feltet gjekk Skomakaren og Ytre Steinsundet, og fekk følge av både «Fri flyt», «Winocean», «Lillefix», «Amaryllis» og «Frøken Smilla», og fleire timar seinare valde også «Kraken» å gå Ytre Steinsundet. Den andre halvdelan av klassen valde å gå ut; «Sheep Dip», «Eureka», «Avanti II», «Paprika», «Ren glede» og «Carolina av Askøen». Dette er illustrert på kartet her.

Som vi har sett, så var det å gå innaskjers eit dårleg val for båtane i klasse A. Kva så med klasse B? Det synes vera vanskelegare å spora eit klårt enten/eller i denne klassen. Til dømes «Zorro», som gjekk først, hadde ein sjuandeplass på tabellen då dei gjorde dette valet. I det dei kom ut frå Ytre Steinsundet, hadde dei klatra opp på ein fjerdeplass. «Sheep Dip», som låg først av båtane som gjekk ut, hadde ein tredjeplass på tabellen etter runding,



var i ein periode medan dei var i nordlege delen av Straumfjorden oppe på ein førsteplass, men falt så attende til tredjeplass ved sørspissen av Ytre Sula. «Fri Flyt», som var andre båt som passerte Ytre Steinsundet, hadde andrelassen på tabellen etter runding Geitene, men då dei kom ut på Sognesjøen hadde dei falle heilt ned på ein sjuandeplass! Denne båten gjekk ikkje Skomakaren, som «Zorro» og dei andre båtane som Ytre Steinsundet gjorde, men gjekk vest om Ospa før dei stakk seg inn i sundet. Det er vanskeleg å tenkja seg at berre det var årsaka til detroniseringa på tabellen, sjølv om ruta om Skomakaren er litt kortare. Dei to neste båtane som gjekk indre leia, «Winocean» og «Lillefix» som hadde andre og fjerde plass ved runding, kom tilsynelatande dårleg ut av det; dei var på sjuande og åttande plass etter å ha gått gjennom Ytre Steinsundet. Dette må likevel takast med ei klype salt, for det kan sjå ut som om «Lillefix» si sporing ikkje har vore skikkeleg oppdatert i ein periode, sjølv om båten heile tida visest på kartet. Dei to båtane som fulgte etter «Sheep Dip» utaskjers, dei to JPK-ane «Avanti II» og «Eureka», var på første og tredjeplass ved runding Geitene, og på første og andre plass då Straumfjorden var passert. Der ser nesten ut til at det berre er «Zorro» som greidde å forbetra sin posisjon på tabellen ved å gå indre leia, alle andre ser ut for å ha tapt litt eller mykje på dette vegvalet.

Det skjedde ikkje så mykje meir spanande på resten av turen for klasse B; «Lillefix» avanserte til toppen av tabellen, medan «Avanti-II» og «Eureka» heldt på andre og tredjeplassen.

Konklusjon

Første delen av regattaen var det stort sett trikkekøyning for alle båtane. Nokon segla godt og andre dårleg, men alle segla stort sett same løpet. Etter runding skjedde det meir, då nesten halvparten av båtane i begge klassane valde å gå kortaste vegen gjennom Ytre Steinsundet, medan resten gjekk vest for Ytre Sula. Det kan sjå ut som om dei fleste som gjekk indre leia tapte på dette, nokre lite, andre mykje. Heile regattaen var prega av lite vind, og dei som til slutt gjekk sigrande ut av det heile, er truleg dei som meistarar best det å segla i lite vind.



Båtenvår gjennom Skomakaren tidleg laurdag morgon